Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Modalen

Emne: Ymse attaatfor.

Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Johs. Flatekvål

Gard: Flatekvål

(adresse): Flatekvål.

G.nr. 89 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. av eige röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. A Forskjellige røtter.

Av røtter har det inkje i vaart minne vore brukt andre sorlar enn „trönska“ – traunske. Den hakka dei upp um vaaren, naar dei plögde aakeren. Dei vaska den ved ein bekk eller dam, og gav den til kyrne strax. Den var rekna som godt mjölkefór. Dei nyttar den kje no.

B.

Bregner. (blom).

Av bregner er det „kammablom“ – Björnkam som har vore nytta som naudfór. Dei gamle brukte den ilag med lyng og mose, men det er det slutt med no.

Med höylöyse brukar dei no höykjöp eller nedslagting.

II. Tang og tare:

Det er ukjende foremne for oss i fjellbygdene.

III Annet fór av planter.

Rognebær var nytta til fór. Dei vart sanka og nedsalta i tunner, eller lagde uppaa ein skruv – lem – der dei turka inn.

Det var baade kufor og hönsefór.

1774

IV Askemök gjing det fraasegn um. hev vare smyfka.

V. Sörpefôr.

Dei gamle brukte meir sörpefôr enn no. Dei hadde serskilte „sörpestampar" og briekar til dette foret. Dei laga sörpa av höyfrä, halmhakk, markahöy. korn, dumba, lauv blanda med mjölk og havremjöl-
slag varmt vatn paa röra, og rörde um.
Naudfôr laga dei mest til som sörpefôr.
Dranke fekk dei kje fatt i daa det ingen brennerier var paa vaare kantar.
I seinare tid hev dei laga seg „blöytekar" i fjosen. I desse legg dei sörpefôret og slar varmt eller kokande vatn paa.
Logen brukar dei i drikke aat kyrne.

VI. Fiskeavfall.

Fiskeavfall hev me kje noko av her i fjellbygdene.

1774
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING